

# Kyrkje klokka

Nr 3 - 2012

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

76. årgang

## Eittåring frå Bibelskolen til Indre Nordfjord.

Vi manglar framleis tilsette i kateketstillingane våre. Men dette arbeidsåret får vi hjelp av Espen Berge, som er praksisstudent frå Bibelskolen i Grimstad. Espen kjem frå Mandal, og vi oppmodar alle til å ta godt imot han!

Side 7



## BIBELSKOLEN I GRIMSTAD MED TEAM TIL STRYN

I veka 39 kjem ein gjeng på fem personar frå Bibelskolen i Grimstad for å vere med på konfirmantarbeidet som er denne veka.



## Misjonsselskapet med ei rekkje tilbod til konfirmantar, foreldre m. fl. i Indre Nordfjord

Det norske misjonsselskap (NMS) satsar aktivt på å nå ulike aldersgrupper. Det gjeld også i indre Nordfjord, på ein aktuell måte.

Møt Ingvald Frøyen frå NMS

Sjå side 7

**Sigurd Stige er engasjert som vikar for soknepresten i Hornindal i tidsrommet 15. august 2012 til 31. juli 2013.**

Han vil bu i prestebustaden i Hornindal og ha kontor i Smia.

Sigurd Stige er pensjonert prest, og bur til vanleg i Molde. Han har vore prest på Vega, Aukra og Bud, og han har vore krinssekretær i Santalmisjonen og Sjømannsmisjonen.

Vi ynskjer Sigurd Stige velkommen til Indre Nordfjord! KN



**Efesos og Efesarbrevet – tema for tre bibelkveldar i Stryn  
Jon Ytrehorn og Svein Sindre i samarbeid om første temakveld 14.oktober**

Side 7

**Velkommen i Betania kl 19**

**Betania i Stryn  
Søndag 30. sept.  
Kl. 16  
Misjonsmøte med  
Espen Tveten**

Side  
12




**Betania på Nordfjordeid  
Misjonsmesse for Nordfjord område av NMS  
Fredag 2. og laurdag 3. november  
kl 11 - 17**

Side 13

**To engasjerte  
musikarar  
Gudrun Skretting  
Arve Moen Bergset**

Side  
11 og  
5



**Sonen Eskil (6 år) i Baggehola på Ulvedal**

# HÅP

"Tro er full vissitet om det som håpes, overbevisning om ting som ikke sees".

Dette bibelordet må ligge bakom orda mine.

Vi håper på noe hele livet, fra barndommens mer og mindre gjennomtenkte ønsker, til tenåras håp om å lykkes med eksamener og komme inn på skoler. Til vi som unge voksne håper på å finne en god livspartner, stifte familie, få barn.

Og når barna kommer, blir mange av håpa våre knyttet til dem, håp for framtid og et godt liv. Håpet om å få beholde ei god helse ligger der hele tiden.

Men bakom dette, som alt dreier seg om livet vårt her på jorda, så ligger det et håp som strekker seg utover det, et håp som tilhører en annen dimensjon, håpet om at det er noe godt som venter også etter at dette livet tar slutt, håpet om et evig liv hjemme hos Gud.

Det er der troen kommer inn: "Tro er full vissitet om det som håpes, overbevisning om ting som ikke sees".

I store deler av livet ligger dette håpet så langt framme, det er litt fjernt, for det er noe vi regner med skal skje om mange, mange år, når vi har blitt riktig gamle. Jeg vet ikke hvor mange ganger jeg har sunget "Så mitt hjarte stundar, bankande i barm, til eg eingong blundar i Guds Faderarm", uten nesten å tenke over hva jeg sang. Dette var noe som helt klart kom en gang, men selvfølgelig ikke nå. Nå var det livet her på jorda som opptok meg.

19. april i år ble et vendepunkt i mitt liv. Jeg vandret inn på et legekontor, full av optimisme. Jeg skulle jo bare høre mer om når tid det kunne bli operasjon for å fjerne en svulst som var oppdaget i min tarm. Der var beskjeden "Ondartet svulst, uhel-

bredelig kreft, spredning til mange vitale organer, ingen operasjon, det ville jeg ikke profitere noe på nå. Men – du skal få cellegift". Det siste var det eneste som løftet det hele litt opp.

Der satt jeg! Livet snudde. Det som hadde vært fjernt, rykket så nært. Tankene fikk gjennom hodet. Hvor mange ganger hadde jeg ikke opp gjennom åra holdt både andakter og taler der jeg hadde snakket om tryggheten ved å være en kristen? "Om jeg enn skulle vandre i dødsskyggens dal"--- Jeg hadde mange ganger bruktt de orda og skildret Guds omsorg også der. Men jeg hadde jo aldri vandret i dødsskyggens dal selv. Det hadde bare vært min teori, noe som så langt bare gjaldt andre, og som jeg kanskje i en fjern fremtid ville oppleve. Allikevel hjalp dette meg. Det jeg hadde forkynt, holdt fast ved og trodd på hele livet, det måtte jo være sant. Det var ikke noe jeg hadde fra meg selv.

Noen ganger har jeg måttet stille meg spørsmålet "Tror du virkelig på dette, Borgny, på en himmel som venter hjemme hos Gud, der alt er bare godt"? Svaret blir et helt klart "Ja". Jeg tror virkelig på det. Det som Bibelen taler så klart om, det kan ikke jeg tvile på. Det som hele vår kirkes lære går ut på, jeg kan ikke forkaste det. Det som mennesker i alle generasjoner har funnet trygghet i, som mange har ofret livet for, som har vært det halmstrået mennesker har fått klynge seg til, det må jeg tro på. Og ikke minst: Jesu klare ord "Jeg er oppstanden og livet. Den som tror på meg skal aldri i evighet dø".

Ja, jeg tror! Min tro er en full vissitet om det som håpes. Min enkle tro, den holder for Jesus. Jeg skal slippe å vikle meg inn i vanskelige teologiske spekulasjoner. Jeg kan bare legge livet i Jesu hender og støtte meg til at Han er Herre over liv og død.

"Bare i håp til Gud er min sjel stille". Jeg tror det er dette håpet og denne vissheten som gir tryggheten i hverdagen. Jeg går ikke rundt og engster meg. Mange takknemlige tanker blir sendt til de mange venner og slektinger som ber for oss i disse tider. Jeg tror Gud nå svarer på den måten at han gir dagene livskvalitet. De er ikke preget av angst og uro.

Men så er vi mennesker. Det er så mye som binder oss til livet her nede. Jeg går ikke rundt og synger "Å, hvor jeg lengter, se Staden". Det kan heller vente litt. Noen ganger misunner jeg nesten kvinner i slekta som har flyttet før. De har på en måte gjort seg ferdig med oppgavene sine her. Slik føler jeg ikke at det er for meg. Etter mine vurderinger befinner jeg meg midt i livets pulsåre og har mye u gjort.

- Mormor, hun var 95 år. Alle hennes etterkommere i tre generasjoner hadde det bra og greide seg selv. Hun snakket mye om Far i himmelen og lengtet bare etter å få komme dit. Så godt det må ha vært å dø da!

- Mamma. Også godt opp i 90-åra. Hun så også den store skaren av barn, barnebarn og oldebarn. Hun hadde gjort alt det hun kunne få gjort for oss alle, nå var det vi som måtte hjelpe henne. Hun ville ikke være til noen byrde. "Hun ønsket å få slippe", som hun sa. For mamma var det også godt å få flytte hjem.

- Min eldste søster hadde også selvstendige, voksne barn og barnebarn. De greide seg selv. Og hennes plager pga. sykdom var så store at hun lengtet etter en bedre tilværelse. Sangene hun hadde plukket ut som vi skulle bruke i hennes begravelse, viste klart hva hun lengtet til.

- Til slutt min nest eldste søster. Hun hadde ingen etter seg å bære direkte omsorg for. De nærmeste var søsken og tantebarn. De

elsket hun, men hun hadde ikke ansvaret. Den Herre og Mester hun hadde tjent hele livet, visste hun at ville ta imot henne ved dødens port.

Så godt de hadde det! De var på en måte fri, og kunne få forlate denne verden uten å bekymre seg for noen. Jeg ønsker å få følge opp mine i mange, mange år enda! Jeg har alltid vært den friske. Jeg skulle bli 100 år.

"Du har stått som en bauta", sier de andre søskena mine nå. Det er fremdeles ganske uvirkelig at det er jeg som vandrer ut og inn av sykehuset for å få behandling.

Men håpet ligger der. I tillegg til håpet om det evige liv, ligger også håpet om et langt jordeliv. I stedet for å spørre: "Hvorfor skulle dette skje, Gud"? prøver jeg å spørre "Hva

vil du med dette, Gud"? Han må få styre dette også. Jeg vet han vil det beste for oss.

Som det stod i en andakt "Vi kan falle ned, både gjennom sykdom, død og grav, men vi kan ikke falle dypere ned enn i Jesu hender. Han er der alltid og tar imot oss".

Det er min tro og mitt håp.

*Hilsen Borgny Haug Aa*

## Andakta heldt Borgny Haug Aa på Nesholmen

**29. oktober 2011.**

Borgny gjekk bort tidlegare i år, sjå minneord under. Som sluttord skrev ho fylgjande: "Jeg ble i høst spurta om å si noe om temaet HÅP under KFUK-weekend på Nesholmen. Den utfordringen tok jeg imot. Følte jeg hadde noe jeg gjerne ville formidle. Jeg vil dele disse tankene med dere også. De gir et bilde av hvordan jeg har det for tiden. Og så blir det en personlig hilsen fra meg.

Så håper jeg at dere har funnet noe av verdi i disse notatene mine. Ta vare på det, og gjem det i hjertet!

*Jeg ønsker dere alle sammen alt godt i livet!"*



## Minneord over Borgny Haug Aa

Vi var mange i Hornindal som kjende på sorg då meldinga om at Borgny Haug Aa, Hyen, var død. Borgny var frå Rakkestad i Østfold, og kom til Hornindal som ung lærar i 1972. Her vart ho til 1984, då ho vart gift med Sivert Aa og flytte til Hyen.

Borgny var eit menneske som gav mykje. Ho var avhalden både av elevar og foreldre ved skulen i Hornindal. I si lærargjerning var ho dyktig, engasjerande, samvitsfull og rik på omtanke og omsorg. Kyrkje, kultur og ungdomsarbeid stod hennar hjarte nær. Ho var medlem av kulturstyret i Hornindal, og medlem og leiar av Hornindal sokneråd i fleire år. Her gjorde ho eit viktig arbeid for å opprette stillinga som kateket i Hornindal prestegjeld (1978), den første kommunale kateketstillinga i Sogn og Fjordane. I tillegg til var ho ei berande kraft i den kristne ungdomsklubben i Hornindal og aktiv i misjonsarbeidet i bygda (NMS).

Ved påsketider i fjor fekk ho vite at ho bar på ein alvorleg kreftsjukdom. I vel eitt år kjempa ho med sjukdomen. Midt i tunge prøvingsstunder var ho eit gripande vitnemål om kva den kristne trua og håpet kan bety for eit menneske. Ho døydde 28. juni i år, 65 år gammal. Våre tankar går til mannen Sivert og dei to døtrene Berthine og Marte.

Vi tek med avslutninga av minneordet over Borgny som presten Asbjørn Gjengedal las i kyrkja på gravferdsdagen: "Heile hennar liv var eit sterkt vitnemål om kor godt det er å tru på Gud og tene Herren Jesus både i kvardag og helg, når livet er lett og lyft, og når det røyner som verst. Så fekk vi og sjå kor trua bar dette siste stykket av livsvegen, og kor håpet om det evige livet levde i henne."

Fred over Borgny Haug Aa sitt fine minne.

*Jon Ytrehorn*

# Gudsteneste på Nordfjord Fritidssenter

## Friluftsgudstenesta som trekte i hus

- Av Gunnhild Bergset -

Gudstenesta på Nordsida 22. juli var planlagt som friluftsgudsteneste på Sølvbergstøylen, men slik veret var den dagen måtte den flyttast innadørs. Det var fullt hus på Nordfjord Fritidssenter.

Det var eittårsdagen for tragedien i Oslo og på Utøya og dette vart markert i gudstenesta. Gunnar Skrede knytte preika opp mot denne hendinga. Fjelljom, spelemannslaget der Hanne Kristine Fridtun var medlem, deltok med preludium og postludium og var tonefølgje til salmane.

Gunnar Skrede har vore vikar i Hornindal prestegjeld eit halvår og hadde si siste gudsteneste for denne perioden. Soknerådet overrekte ei gave som takk for god innsats og vil på denne måten også gjennom Kyrkjeklokka takke han for innsatsen i kyrkjene våre i Indre Nordfjord.

### Takk til Gunnar Skrede

Det var mange som ville takke Gunnar Skrede under siste gudstenesta han hadde i dei tre kyrkjene i Hornindal prestegjeld i sommar. Gunnar hadde då tenestegjort som vikarprest i Randabygd, Nordsida og Hornindal sokn sidan nyttår og vunne ein plass i mange sine hjarte.

Kyrkjeklokka stilte han tre korte spørsmål ved avslutninga av tenesta. Her er svara:

**Kva sit du tilbake med av positive opplevingar?**

Mange. Men møtepunkta med born og unge knytta til fasane i trusopp-læringshaugen har vore spennande og rike



Deler av spelemannslaget Fjelljom. f.v. Aud Verlo, Arne M. Sølvberg, Nikolai Storevik (delvis skjult), Jarle Sørdal og Antonia Karete Haugen Kongsvik



Gunnhild Bergset overrekker gave til avtropende vikarprest Gunnar Skrede

opplevingar. Eg nemner 4-årsfasen med utdeling av kyrjebok, Tårnagentane og Lys Vaken-samlingane i kyrkja for dei litt større borna og konfirmantfasen. Dette er møtepunkt mellom kyrkja og dei døypte som er veldig viktige i ei tid då skulen ikkje lenger gjev kristendomsundervisning som tidlegare.

Eg må også nemne velviljen som det breie lag av folket i bygdene her har til kyrkja. Eit døme på dette er dei mange ja eg har fått når eg har spurt lokale kulturkrefter om å delta i gudstenester, andakter og liknande.

**Kva har du lagt særleg vekt på i prestetenesta?**

Å møte familiar og enkeltmenneske i samband med husbesøk knytta til dåp og gravferder.

Særlehar eg prøvd å følgje opp familiær som har opplevd tunge dødsfall. Eg ser det som viktig at dei ikkje blir gløymde i tida etter gravferda når dagar kjem då sakn og tomheit kjennest tunge å bere.

**Kva er dine ynskje og draumar for folk og kyrkje i sokna våre?**

Då vil eg seie: Finn din plass i kyrkja også utanom dei kyrkjelege familiehandlingane som dåp, konfirmasjon, vigslle og gravferd. Gå ikkje glipp av bodskapen kyrkja formidlar og fellesskap og Framhald side 10

**Kyrkjeklokka**

Bladet vert sendt til alle husstandar  
I Hornindal og Stryn kommunar.

Web: [www.kyrkjeklokka.no](http://www.kyrkjeklokka.no)

Redaktør for dette nummeret er:  
Knut Sigurd Gald  
[post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no)

Forretningsførar/abonnement:  
John Selmer Skiftesvik  
6788 Olden, tlf 57 87 33 85  
[john.skiftesvik@enivest.net](mailto:john.skiftesvik@enivest.net)

Bankgiro 0538 18 51054  
Bankgiro 3795 30 05108  
Kontingenten er frivillig.  
Vi takkar for betaling og støtte.

**Kontortider, telefon, e-post**

Måndag er sokneprestane sin fridag.

**INNVIK prestekontor**

Tlf 57 87 41 23  
Mobil 911 84 241  
Sokneprest Harald Runde  
Kontortid:  
Tysdag, torsdag og fredag kl 09 – 14  
Privat 57 87 41 15  
[harald.runde@c2i.net](mailto:harald.runde@c2i.net)

**STRYN prestekontor**

Tlf 57 87 48 12  
Mobil 911 03 134  
Sokneprest Kjetil Netland  
Privat 57 87 10 29  
[kjetil.netland@stryn.kommune.no](mailto:kjetil.netland@stryn.kommune.no)

**HORNINDAL prestekontor**

Tlf 57 87 98 33  
Mobil 942 76 335  
Vikarprest Sigurd Stige  
Kontortid:  
Tysdag og torsdag kl 09 – 12  
[sokneprest@hornindal.kommune.no](mailto:sokneprest@hornindal.kommune.no)

**KYRKJEVERJER****Stryn kommune**

Borghild Skarelven  
Tlf 57 87 48 11  
Mobil 913 27 882  
[borghild.skarelven@stryn.kommune.no](mailto:borghild.skarelven@stryn.kommune.no)

**Hornindal kommune**

Anne Lødemel Honningsvåg  
Tlf 57 87 98 34  
Mobil 970 84 120  
Tlf priv 57 87 96 53  
Kontortid:  
Måndag 08 – 15, torsdag 09 – 13  
[anne.honningsvag@hornindal.kommune.no](mailto:anne.honningsvag@hornindal.kommune.no)

# Konserten i Nordsida kyrkje

- Av Vidar Bergset -

Denne konserten vart ei oppleving, med to fyrsteklasses musikarar i aktivitet, ei nesten fullsett kyrkje og eit fint publikum som tok imot musikken med alle sansar. (Og eit svært godt konsertlokale).

Ekteparet Gudrun Skretting og Arve Moen Bergset framførde musikken med entusiasme og innleving, i eit vidt spekter frå Fritz Kreisler til Arvo Pärt. Arve tok også fram hardingfela i ein lydarslått av Lars Fykerud, og i den kjende bruremarsjen frå Seljord – som høyrer til den best kjende og høgast elskta hardingfelemusikken vi har. Fritz Kreislars fiolinmusikk kan også godt få ein renessanse, noko dei to musikarane aktivt leverte eit bidrag til, i stykke som Liebesleid og Schön Rosmarin. Elles høyrde vi bl.a. "Meditation" frå operaen "Thaïs" av Jules Massenet, "Ved mannjevningen" av Grieg, "Seterjentens søndag" av Ole Bull og "Norsk dans" av Sigurd Lie.



Gudrun Skretting og  
Arve Moen Bergset i  
Nordsida kyrkje tors-  
dag 2. august 2012



Gudrun Skretting



Arve Moen Bergset

For underskrivne var "Spiegel im Spiegel" av estlendaren Arvo Pärt eit ukjent stykke. Arvo Pärt er ein av dei meir moderne komponistane, og "Spiegel im Spiegel" var eit stykke som i byrjinga verka veldig enkelt, men som etter kvart tok tak i ein og som vart ein verdfull del av den totaloppleving konserten var. Ein vart oppsett på å få høyre meir av denne komponisten.

Det var Kyrkjeakademiet for Nordfjord og Nordsida sokneråd som arrangerte konserten, og Ola Berge representerte tilskiparane og leverte fotobok som gav til dei to musikarane.

Folk samla seg etterpå på kyrkjebakken i det fine sommarveret og ville liksom ikkje gå heim att. Dei kunne visst ha tenkt seg ein konsert til med det same.



Av  
Jon  
Ytrehorn

*Tankar langs vegen...*



Heile verda såg det. Blomsterhavet, lysa, korta med helsingar til dei som vart ramma av terrortragedien i fjor sommar. Hendinga då medkjensle og nestekjærleik vann over hat og hemnlyst. Folk søkte trøyst i fellesskapet med kvarandre - i bygater, ved stranda, i kyrkjerommet. Sorga vart synleggjort gjennom stille handlingar som sa meir enn ord.

Den danske presten Lise Trap har skrive nokre tankevekkjande ord om sorg. "Sorg er alt det der ikke er moderne. Vi skal være hurtige og effektive, og ha styr på tingene. Når man er i sorg er vi alt det motsatte - langsomme, ineffektive og lite målrettede".

I EI RADIOANDAKT tok presten Per Arne Dahl opp dette. Han spør om det kanskje er slik at vårt sterke kjenslemessige engasjement ved ofentlege personar sin død eller vår deltaking ved katastrofer også kan ha å gjere med at vår vanlege kvardag gjev altfor tronge kår til sorg og glede. Dermed ventar vi desperat på eit høve til å gje oss hen, setje ting til side, ta ein dag fri, gå til eit heilagt rom, ja kjøpe blomster og tenne lys for nokon vi knapt kjenner.

DET SYNEST OPPLAGT at vår travle kvardag bremsar oss frå å gje kjenslene rom. Det hektiske livet gjer at vi førsømer å ta vare på det inste i oss sjølv: kjensler, tru, empati. Samstundes lengtar vi etter høve der vi naturleg kan vise

Kled dykk derfor i inderleg medkjensle, og ver gode, milde, audmjuke og tolmodige så de ber over med kvarandre (Kol 3,12) Ord av Paulus:

## Travel kvardag - innestengde kjensler?

omtanke, godheit og nestekjærleik mot andre. Men slike høve ansar vi liksom ikkje. Dei er der, men vi taper dei av synet i maset om alt som ventar på å bli gjort. Vi får ikkje tid til det som er viktig fordi vi først må få gjort alt som hastar! MODERNITETEN har sin pris, seier Per Arne Dahl: "Jo mer slitne

ord til eit anna menneske. Vi treng ikkje la media styre kven vi skal vise omtanke og nestekjærleik mot. Når TV-lampane er slått av og journalistane har pakka og reist frå eit katastrofeområde, vil vi oppdage - om vi har tid og vilje til å sjå - at der er fleire i nærområdet vårt som strevar. Nokre lever i ufrivillig einsemd.



*Vi treng ikkje la media styre kven vi skal vise omtanke og nestekjærleik mot*

vi blir av det travle livet og forsømmer oss selv og våre følelser, desto større blir behovet for å uttrykke fortrenzte følelser i forbindelse med andres sorg og katastrofer." Reaksjonane etter tsunami og terrorhandlingar har vist at han har rett.

SABBATSTEOLOGIEN - kvila sin teologi - peikar på ein viktig bodskap i Bibelen: Gud skapte oss menneske til å leve i den gode vekselverknaden mellom arbeid og kvile, aksjon og rekreasjon, arbeidsdagar og kviledagar. I alt som lever har Skaparen lagt ned ei livsrytme: Året har ein vinter og ein vår. Døgnet har ei natt og ein dag. Veka har sine arbeidsdagar og kviledagar. Vekslingsa er ei livslov for alt levande som Gud har skapt. Dersom vi fornekta denne livslova motarbeider vi sjølve livet og lever i motvind.

KVILA er Guds gode handtrykk til oss. Kvila gjev oss pusterom til å finne oss sjølv og ta på alvor at vi er skapte til fellesskap med kvarandre. Vi treng ikkje vente på dei store katastrofene for å finne eit naturleg høve til å gje ein blomst, eit kort, ein varmande klem, eit trøystande

Andre har opplevd å brått misse ein dei hadde kjær og slit med sakn og smerte. Slike personar ropar ikkje, dei figurerer ikkje i avisoverskrifter. Dei lever sitt stille liv. Men tek vi tid til å stanse opp hos dei vil vi oppdage at vårt enkle nærvær skaper ei stille glede som også gir noko rikt tilbake til oss.

HERRE, GJEV MEG dine auge" syng Sølvi Hopland. Det handlar om å finne lommar av tid til stillheit, etertanke og bøn. Ta tid til at lyset frå Han som tronar i det høge får fylle det indre rommet hos oss, så innestengde kjensler kan bli forløyste. Vi skal så visst ikkje slutte med å vise omtanke og empati ved dei store tragediar. Men vi må ikkje la dette bli dei einaste kanalane for å vise at vi bryr oss om kvarandre. Det er på tide å ta tilbake vår vanlege kvardag slik at både sorga og glede han få synlege uttrykk og vise seg gjennom handlingar hos menneske som ser kvarandre med Kristi auge.

Noen må våke i verdens natt,  
noen må tro i mørket,  
noen må være de svakes bror,  
Gud la din vilje skje på jord!  
Hjelp oss å følge ditt bud.  
(Svein Ellingsen)

## Eittåring til Indre Nordfjord

- Av Ole Andre Aabrek -

*Kva forventningar har du til eit år i Stryn og kva håpar du at det gir deg når du brukar eit år som eitt-åring i Stryn?*

«Jeg håper å få bety noe for konfirmantene som jeg skal ha kontakt med og at jeg kan få dele noen av mine erfaringer. Jeg håper å få en rolle som medvandrer for konfirmantene. Jeg ønsker at det blir et år hvor jeg kan vokse personlig, både i forhold til å støle på seg selv og bli sikker på sin tro, det å tørre å stå foran folk og ha ansvar for ting. Det er spennende å få prøve seg praktisk i en menighet».

*Kva var utslagsgivande for å velge ein plass som Stryn når du kjem fra det vakre sørlandet?*

«Grunnen er at jeg har gått et år på bibelskole hvor jeg vokste mye og lærte mye om meg selv. Jeg fant ut at jeg ville bruke et år i tjeneste, og «Til tjeneste» linja på BiG som er et slags år nummer to passet fint. Ønsket om å sette ting vi hadde lært ut i praksis var utslagsgivende for et år i tjeneste. Jeg lette etter et sted som ville vært passende som praksistested og mange av de stedene som var aktuelle, der følte jeg at dører ble

lukket. Jeg kom over annonsen på skolen der de søkte ett-åring i Stryn og jeg måtte leke litt med tanken om å reise så langt bort. I begynnelsen virket det nok så fjernt, men ble oppfordret til å ta kontakt med de for å sjekke ut hva de kunne tilby og om dette var noe for meg. Desto mer jeg fikk høre om stedet og arbeidet fikk jeg mer og mer lyst til å finne ut mer. For meg var dette en unik sjanse til å prøve seg på et helt nytt sted med mange ukjente faktorer og langt borte fra det kjente. Alt dette kombinert med en eventyrlyst som vokste i meg var dette et spennende alternativ. For en gutt fra sørlandet ble første møtet med fjell, fjord og vakkert landskap en ekstra idyll og motivasjonsfaktor».

*Kva blir dine oppgaver i stryn?*

«Først og fremst vil mine oppgaver dreie seg om konfirmantarbeid. Jeg gleder meg til å bli kjent med alle ungdommene som skal igjennom et av sine viktigste år. I tillegg til årets konfirmanter skal jeg vere med på et opplegg for fjorårets konfirmanter der formålet er å styrke deres kristne tro og at de skal få oppfølging. Jeg kommer også til å vere rundt om i menigheten å delta på forskjellige måter, men her er ikke alt fastsatt enda».

## Samlingar med Ingvald Frøyen:

Ingvald Frøyen er prest og bur i Førde, og har vore NMS-misionær i Mali. Han er no tilsett i NMS, Sogn og Fjordane, med særleg ansvar for kontakt med ungdoms- og den unge foreldregenerasjonen. Under samlingane vil han spesielt ta fram den spente situasjonen i Mali og vise glimt fra misjonen og dei unge kyrkjene sitt arbeid. Dei fleste kyrkjelydane i indre Nordfjord støttar NMS sitt sosiale og evangeliske arbeid i det materielt fattige landet.

*Tysdag 25. sept.*

Kl 17: Konfirmant- og foreldremøte på Kyrkjelydsstova i Hornindal

Kl 20: Misjonsmøte i Betania, Stryn. Tema: Mali i brennpunktet

*Onsdag 26. sept.*

Kl. 17: Konfirmant- og foreldremøte i Solvang, Olden

Kl. 20: Konfirmant- og foreldremøte på Stryn ungdomsskule

*Torsdag 27. sept.*

Evt. treff med Ten Sing

## Efesos og Efesarbrevet – tema for tre bibelkveldar i Stryn

*Jon Ytrehorn og Svein Sindre i samarbeid om første temakveld 14. oktober kl 19*

Efesos – ein uinteressant småaby i aposteltida? Efesarbrevet - eit tørt og stilleståande Paulusbrev? Jon Ytrehorn og Svein Sindre har ynskt å levandegjere den spennande historia om Efesos og det rike innhaldet i Efesarbrevet. Sist haust hadde dei eit opplegg med lysbilde og tekstdjennomgang i Olden Normisjon. No har Stryn Normisjon invitert dei til å kome til Betania.

Første kvelden vert søndag 14. oktober. Her vil Svein Sindre vise lysbilde og fortelje frå ei reise til Efesos i Tyrkia i fjor. Jon Ytrehorn vil fortelje om byen slik han var på Paulus si tid: Ein storby med livleg turisme, blomstrandte handelsliv og med eit kaotisk mangfold både kulturelt, moralsk og religiøst. Dette for at vi betre kan forstå bakgrunnen for brevet Paulus skriv til efesarane. Ytrehorn kjem tilbake to onsdagskveldar seinare: 31. oktober og 14. november. Då vil han gje ei grundigare innføring i det innhaldsrike brevet Paulus skriv til den kjempande, men veksande kyrkjelyden i Efesos, eit brev med bodskap også inn i vår tid.

Det er med forventning og begeistring vi inviterer til desse tre Efesarbrev-kveldane i Betania. Tilbakemeldinga frå Olden var klar: Dette må fleire få høyre! Velkommen til inspirerande samlingar i Betania denne hausten!

*Jan Gudmund Skrivervik*

# Minnemarkering for 22. juli - i Stryn, eit verdig arrangement

- Av Marie Johanne Folven -

Då klokkespelet på Omsorgssenteret begynte å spele ”Til ungdommen”, tagna praten og dei mange frammøtte sto i still forventning ved Betania-parken. Støtta som skulle avdukast danna sentrum for programmet som vart opna og trygt leia av ordførar Sven Flo.



I Betania-parken i Stryn sentrum under avdukinga laurdag 11. august 2012

## *Markering i Betania-parken*

Fylkesmann Anne Karin Hamre understreka at dette er ein milepel som vert ståande, ein stad vi kan kome for å minnast og hente mot. Fjelljom spela ”Blomsten i Stryn” av Per Bolstad, ein vals dei også spela i gravferda i fjor. «Ord er ikkje fattige, vi knyter saman nasjonen med ord og stemma er vårt våpen,» sa Khamshajiny Gunaratnam frå sentralstyret i AUF som hadde vore Hanne Kristine sin mentor. Etter ein stemningsfull melodi av Torill Nordheim på trekkspel, var det avduking av og blomenedleg-

ging ved den vakre støtta. Staden her vil nok bli ein fredens plett og ein vakker park for framtida, ”der bjørkarna susar sin milda sommarsång.”

Dei fleste gjekk så til kulturhuset der vi var inviterte til minnekonsert og felles måltid etterpå. Og ingen angra på det valet. Her var det store musikalske framföringar med enkle helsingar om å ha tru på framtida, håpet og kjærleiken. Ikkje minst fekk vi tru på ungdommen, på deira mot og pågangsvilje.

Anne Grete Strøm Eriksen siterte frå facebook-sida til Hanne Kristine: ”Eg har lite tru på at vi bør vente

med å leve.” Dette var det aktørane på konserten også understreka: Livet er no, det er her, og vi har kvarandre. Difor var det også så vakkert med den første songen som ramma inn konserten:



With Jesus I can take it  
With Him I know I can stand  
No matter what may come my way  
My life is in your hands

Etter ein time med kunstnariske innslag, Fjelljom, trekkspel-solo, klarinett og piano, song med piano og fleire helsingar, var det bordsete med mat for alle. Maten smakte og praten gjekk medan kveldssola lyste opp sentrum. Det var ei god og fin stemning i kulturhuset denne ettermiddagen, og vi kjende at vi var med på å dele noko viktig.

### Markeringa held fram på søndagen



*Søndagen kom med klår himmel og sol, ypparleg for ein tur på Flofjellet. Bussar vart fylte og køyrd til Tronstad der marsjen starta for dei fleste. Mange var det som gjekk opp frå Flo også, så då klokken ringde til gudsteneste ved Skihytta var der samla over 300 menneske.*



*Fjelljom hadde også her ei hovudrolle som musikkarar, og songen lydde over setervollen: "Herre Gud, ditt dyre navn og ære."*

Etter skriftlesing ved helseministeren, tala sokneprest Netland over teksten frå Jer.29,11-14 Flofjellet, Fredstankar, Framtid, Finne og Folkeslag var stikkorda som han utdjupa. Det vonde kjem ikkje frå Gud, han har fredstankar med alle. Jesus har gjennom døden på krossen gjeve alle ei ny framtid, han er med oss gjennom alt som er vondt og har ein ny himmel og ei ny jord i vente for sine born. Gud let seg finne for alle som søker han og han vil samle alle folkeslag fordi vi alle er skapte i Guds bilete.

så samle dine blomster  
i en vid bukett  
samle ditt lys  
for å se gjennom mørket  
samle din glede  
for å bære all gråt  
samle ditt håp  
for å holde på drømmen  
samle dine tanker  
for å tåle all tvil

så samle ditt menneske  
samle våre medmennesker  
samle oss sammen

Lars Saaby Christensen

Tekst på minnebauta



*Frå Gudstenesta ved Skihytta på Flofjellet, søndag 12. august 2012. I framste rekke ser vi foreldra til Hanne Kristine, Kolbein og Eva Fridtun, vidare statsråd Anne-Grethe Strøm-Erichsen og leiar i Sogn og Fjordane AP Nils Petter Støyva.*



Etter postludiet var langborda klar med mat frå ulike sponsorar. Det var karbonadar, pølser, brød, salatar og drikke. Køane gjekk fort, takka vere god tilrettelegging av støttegruppa og sokneråda i Oppstryn og Sunnylven. Maten smaka og folk kosa seg i sommarsola. Borna leika og tok seg eit bad i vatnet, kyrne utanfor grinda laga seterstemning og kjenningar fann kvarandre ved bord og benkar, mellom tuer og lyng.



Smått om senn måtte vi rive oss lause og ta vegen ned att til bygda der bussane venta. Alle var vel nøgde med helga, vi hadde vore saman om noko stort, opplevd eit forklaringsberg. Og jenta som vart riven frå oss i fjar, Hanne Kristine Fridtun, kom i tankane våre, saman med andre vi har mist. Ho minte oss på noko viktig: Livet er ei gáve som skal levast her og no.

*Framhald frå side 4  
teneste som kyrkja innbyr til. Våg å bryte nattverdsperra! Mange har lyst til å gå til nattverd, men vågar ikkje. La ikkje frykt for kva andre tenkjer hindre deg i å realisere det du lengtar etter!*

*Til Kyrkjeklokka seier Gunnar Skrede at dette vert hans siste lange vikariat som pensjonert prest.*

Han tykkjer det var flott å få avslutte prestegjerninga nettopp i heime-traktene. Det er i Hornindal kyrkje han både er døypt, konfirmert, vigd og ordinert. Skrede-grenda høyrde til Hornindal prestegjeld og kommune heilt fram til ut på 1960-talet. Ordinasjonsdagen var 8. august 1962, så Gunnar avsluttar si teneste temmeleg nøyaktig 50 år etter! No

ser han fram til rolege dagar saman med si kjære Marit etter å ha virka i fleire år som vikarprest ”på overtid!”

Vi takkar Gunnar Skrede for rik og verdifull teneste, og ynskjer han og Marit Guds velsigning over dagar som ventar - i heimen i Molde og i hytta på Skrede.

J. Y.

# To engasjerte musikarar

## Intervju med Arve Moen Bergset og Gudrun Skretting

- Av Vidar Bergset -

Det er ikkje så ofte vi i utkanten får besøk av landskjende musikarar, men 2. august var det tillyst konsert i Nordsida kyrkje med ekteparet Arve Moen Bergset og Gudrun Skretting. Han vart først kjend som kvedar, men på denne konserten nytta han fiolin og hardingfela, medan Gudrun sat ved pianoet. Arve, med far frå Bergset på Fjelli, hadde sin kvedardebut under Spelemannsprisutdelinga i 1987. Men fyrste LP-plata han var med på, var truleg "Eg er liten eg, men eg vågar meg" i 1984, då han song og spela saman med andre unge musikarar, bl.a. Annbjørg Lien. Allereie i 1988 fekk han Spelemannsprisen for plata "Arvesølv". Frå han var fem år, budde han i Vinje i Telemark, der far hans, var prest, og han kom fort i kontakt med det rike folkemusikkmiljøet i Telemark, med Sondre Bratland, Ellen Bojer Nordstoga og mange andre. Etter kvart vart fiolin "hovedinstrumentet", og i 1995 tok han hovudfagseksamen i kammermusikk/solo ved Norges Musikkhøyskole.

Gudrun byrja tidleg å spele piano, og i 1990 representerte ho Noreg i ein internasjonal konkurranse for unge musikarar – og var solist med det østerrikske kringkastingsorkestret. Ho har vunne "Ungdommens Pianomesterskap" to gonger, og ho har teke diplomeksamnen ved Norges Musikkhøyskole. Ho har delteke på Risør Kammermusikkfestival, og ho har gjesta Festspela i Bergen.

Vi fekk ein samtale med ekteparet før konserten i kyrkja. På spørsmålet om overgangen frå kveding til instrumentalmusikk meinte Arve at det i grunnen ikkje hadde vore nokon overgang. Kvedinga hadde vore med heile tida, og det fyrste grunn-



*Her er familien på fergetur med "Sageprammen" over Sagedammen. F.v. Arve, Gudrun, Margrete, Eskil (delvis skjult bak broren) og Amund*

laget på fela hadde han fått tidleg av far sin, som også var musikar, m.a. med organisteksamen. I gruppa "Bukkene Bruse" var Arve musikar, men først og fremst kvedar. Han hadde hatt lungebetendelse, og etter den hadde stemma hatt bruk for litt "pleie". No har han hatt pause i kvedinga i  $6 \frac{1}{2}$  år, men den vil nok bli teken opp att.

-Spelar de mykje saman, de to? (I grunnen eit dumt spørsmål.)

Ja, det gjer vi retteleg ofte, og det er fint; vi kjenner godt spelestilen til kvarandre, og vi er ofte ute og spelar. Det blir nok mykje musikk endå om vi har familie. (Dei har tre born, ei jente på 15, ein gut på 12 1/2, - og minstemann Eskil på 6 år som var med under intervjuet og kom med sine kommentarar.)

-Kan de nemne noko meir om musikk-oppgåvene?

-Vi deltek m.a. i eit prosjekt i Oslo

der kommunen betalar musikarar til å reise rundt og spele på sjukeheimane.. Det blir avvikla ikkje mindre enn 20 slike konsertar no, frå sommaren og utover. Det er eit svært hyggeleg publikum, og dei likar klassikarane. Det blir ein stor prosent norsk musikk på desse konsertane.

(Når intervjuaren kallar dei vedunderbarn, seier dei at dei slett ikkje er det. Men dei treftet kvarandre på Musikkhøgskulen då ho var 17 år og han 16.)

Kva slag musikk, (evt. komponistar) likar de best?

Både synest spørsmålet er noko vanskeleg å svare på. Dei har så mange komponistar dei er glad i. Dei set stor pris på musikken til dei gamle meistrane, som Grieg, Schubert, Brahms og Mozart, men har også sans for meir moderne musikk og

*Framhald side 13*

# Salmen min

No soli bak om blåe fjell.

I seks av dei sju åra eg gjekk folkeskulen i Solheim Skule (Ytreeide krins) hadde eg Olav Svidal som einaste lærar. Han var og klokkar (kyrkjesongar) i Nedstryn Kyrkje. Olav var glad i, og flink til å syngje. Han dreiv og ein periode eit lite blandakor.

Kvar skuledag starta med ein morgonsong, og så var det bibelsoge fyrste timen. Eit fag som no er ute av skulen, og som kyrkja no har ansvaret for. Dette er eit stort arbeid for kyrkjelyden, og som kyrkjetenar i Nedstryn burde eg vel velje salmen ”Kom til den hvitmalte Kirke” som min salme. Det gjer eg imidlertid ikkje, men eg tillet meg å minne om det viktige arbeidet som trusopplæringa er. Vår kultur og vårt lovverk bygjer på den kristne kulturarven som vi har nedarva gjennom tusen år. Vi kan ikkje la andre kulturar bryte ned dette.

Tilbake til skulen. Det var ikkje berre om morgenon vi song, og vi song sjølvsagt ikkje berre salmar. Men vi song som innleiing til mange timer, og sjølvsagt bordverset før maten. Vi hadde og ein eigen songtime.

Det var såleis mykje song i skulen, og vi lærde mange vers ”utanav”.


Dette har nok påverka meg til å like å syngje, og eg set pris på den gode kyrkjesongen i Nedstryn kyrkje.

Salmeboka vår er eit vell av gode salmar som er gode å syngje. Eg vonar at dei fleste får plass og i den nye salmeboka som er i arbeid.

Heime var det far som song. Han song i kor heile sitt vaksne liv, heilt til alder og sjukdom sete ein stoppar for det. Å vere på songøving og på songarstemne var hans fritid.

Han song og mykje i sitt arbeid, ikkje minst i fjøsstellet.

Når eg vel ”No soli bak om blåe fjell” som min salme, er det fordi far



song dette verset

”Kom, Jesus, inn og med meg ver når det til kvelden stundar!  
Og lat din engel standa her ved lægjet når eg blundar,  
og vara vel min kvilestad!  
Og vekk meg glad til song med fugl i lundar!”

på sengekanten til bror min og meg når han fylgte oss til sengs om kvelden.

Dette verset minner meg om ein trygg og god oppvekst i ein trygg og god heim i eit trygt og lite lokalmiljø.

Eg legg heller ikkje skjul på at dette verset har surra mykje i hovudet mitt dette siste halvåret.

Ivar Kyrikjeeide

Eg utfordrar Johan Gjørven.

Til å skrive om sin song/salme til neste nummer av Kyrkjeklokka.



## ”No soli bak om blåe fjell”

No soli bak om blåe fjell  
sitt ljose andlet gøymer,  
og mørker over heimen fell,  
og jordi ligg og drøymer.  
Gud, lat di åsyn lysa ned,  
så heilag fred  
inn i vårt hjarta strøymer.

Kom, Jesus, inn og med meg ver  
Når det til kvelden stundar!  
Og lat din engel standa her  
ved lægjet når eg blundar,  
og vara vel min kvilestad!  
Og vekk meg glad  
til song med fugl i lundar!

Men når eg her min nattverd held,  
og livet kring meg tagnar,  
eg minnast må min siste kveld,  
då ikkje meir det dagnar.  
Når soli neste morgen stend  
opp over grend,  
ho meg då ikkje gagnar.

Men Jesus fører meg ved hand,  
eg ikkje råd skal sakna.  
Han fører meg til livsens land,  
der alle stormar spakna.  
Når eg i grav er gøymd og duld,  
for Kristi skuld  
eg skal ein morgen vakna.

**Søndag 30. sept.**

**Kl. 16: Betania, Stryn**

*Misjonsstemne for Innvik, Stryn og Hornindal prestegjeld*

Espen Tveten er Asia-misjonær på heimeopphold. Dei siste 7 åra har han vore misjonær i Thailand der han m.a. har vore med å byggje opp eit kyrkjesenter i byen Mukhdan nordaust i landet. Her får lokale unge og vaksne leiaropplæring som utrustar dei til teneste i sine heimekyrkjelydar.

Tveten har heile Bjørgvin som arbeidsområde i tillegg til at han arbeider blant studentar i Bergen

# Oddny under open himmel

## Å få vere seg sjølv

Sommaren er over, og vi sit att med mange sommarminne.

Ein turistbuss stansa, og der kom ut ei heil busslast med japanarar. Dei skulle få med seg synet av Bøyumbreen i Fjærland. Ei fargerik dame gjekk eit stykke bort over og sette seg på ein stein. Ho såg mot breen. Ho sat og såg og såg. Ho saug inn opplevinga. Ho var seg sjølv. Eg kjende stillheita som ho opplevde. Nokre meter bortanfor var eit yrande liv av vandrande japanarar. Dette bildet av denne personen feste seg på netthinna mi, og det kom fram att då eg las nokre setningar i "Fjordingen" skrivne av ein turist: "Lat alt fare, og berre vere det som er meg. Sjeldan får ein høve til det, sjeldan kan ein sjå seg sjølv som ein person utan krav, utan forventing og utan at ein treng å vere det andre krev at ein er."

Så er ferietida over. Over alt vi går, er der nokon som forventar noko av oss. Er vi på arbeid, forventast det at vi gjer vårt beste og kanskje litt meir. Er vi på skule, forventast det at vi følger like godt med i alle fag, gjer lekser og får bra karakterar. Heime forventast det at vi tek eit tak enten vi bur med foreldra, eller vi er foreldre eller bur for oss

### Framhald frå side 11

komponistar, som t.d. estlendaren Arvo Pärt, som også skulle vere representert i konserten. Båe seier dei er glade i kammermusikk, med færre instrument og med eit meir intimt preg enn musikk i kjempestore salar og med tusenvis av menneske.

Det er lenge sidan vi har hørt gruppa "Bukkene Bruse" no. Er gruppa levande framleis?

-Jau, gruppa kjem nok att, seier

sjølve. I lag og organisasjonar er der forventningar om innsats og støtte om alt skal lukkast. Ja, her er mange krav i og omkring oss.

Ein chilensk forfattar Isabell Allende skreiv: "Jeg finner stadig nye krefter i meg selv, krefter jeg kanskje alltid har hatt, men ikke kjente til, fordi jeg tidligere ikke har trengt å benytte meg av dem." Ein slik aha-opplevelse har kanskje du også hatt. "Tenk eg greidde det", sa du til deg sjølv. Så gjeld det å finne den gode balansen med yting etter resursar. Lat ikkje dei andre styre deg!

### Esops fabel

Du har vel hørt Esops fabel om far og son som leidde eit esel på veg til marknaden. Så hørerde dei ein forbifarande seie: "For nokre toskar! Tenk å gå til fots når dei kan sitje og ri". Så sette dei seg på eselet og reid. Så ropte ein annan: "Sjå på dei lathanske! Dei kan no knekkje ryggen på det stakkars dyret!"

Vidare bar dei eselet opphengt etter føtene på ein stokk. Berarane vart utslitne, og midt på ei bru sleit eselet seg og datt i elva og drukna.

Ein fabel har alltid noko å seie oss. Dette er ei påminning om at menneska alltid har måttå lære seg å gjere det dei sjølve tykkjer er

Arve. Alle i gruppa er aktive, kvar på sin kant. Eg har vore kvedaren i gruppa, og denne pausen min har nok vore ein av grunnane til at gruppa har vore kvilande. Vi i gruppa er nokså ulike, men vi har gått fint saman, og det har vore eit godt samarbeid.

Eit av dei verkeleg gode resultata vi sit att med etter samtalena, er nok vissa om at vi skal få høre mykje meir frå Gudrun Skretting og Arve Moen Bergset.

—  
Av  
Oddny  
Torheim



rett, og moralen er: Ein kan ikkje gjere alle til lags. Ein forfattar Leif Kristiansson skreiv: "Lykke er å våge å gjøre det du mener er riktig. Lykke er å stole på deg selv og likevel forstå at andre er like viktige".

### Ver deg sjølv

Ver deg sjølv! Kvil når det trengst i livsløpet! Sans inn opplevingar som gjev deg ro, styrke og livsglede! Be om visdom ved viktige val! Ver fornøgd!

Så er det ikkje berre yting gjennom livet, også mottak. Nokre må ha hjelp, og nokre må gje hjelpa. Somme tider er det du som er hjelpare. Andre tider er det du som må ha hjelp. Alt har si tid. Les gjerne 3. kapitlet i Forkynnaren som har denne setninga som overskrift. Og gløym ikkje at den som ventar på Herren, får ny kraft.

### Misjonsmesse for Nordfjord område av NMS:

*Fredag 2. nov. og laurdag 3. nov. på Betania, Nordfjordeid  
Begge dagar kl. 11 – 17.*

Bibeltimar v/ prost Rolf Schanke Eikum, Eid og prest Rune Langseth, Vågsøy

Basar, høve til kjøp av heimelaga mat og handarbeid. Mat å få kjøpt.

Laurdag kl.15: Familiefest med misjonsglimt, tale og innslag ved born. Det vert festtale ved Matias og Jorunn Austrheim,(prestefolk i Ørsta).



## Slekt skal føge slekters gang



### Utvik

#### Døpte:

15/7 Kristin Ariola Valaker.  
For: Anders Olav Valaker og  
Lucy Entac Ariola.  
(Døpt i Innvik kirk.)

#### Døde:

7/8 Eilef Eikenes, f. 1935.

### Innvik

#### Vigde:

23/6 Geir Tonning og Elisabeth Bruland.

#### Døde:

5/6 Atle Reme, f. 1953.  
20/8 Per O. Drageset, f. 1929

### Olden:

#### Døpte:

1/7 Simon Sølvberg. For:  
Kenneth Sølvberg og Fride  
Marie Kvamme.  
(Døpt i Oppstryn kirk.)

#### Vigde:

28/7 Harald Hjelseth Aksnes  
og Solvor Eide

#### Døde:

13/6 Ernst Kristiansen, f.  
1935.

### Hornindal

#### Døpte:

1/7 Embrik Haugen Runde.  
For. Sara Henriette Haugen og  
Harald Johan Runde

21/7 Sunniva Lødøen. For.  
Hege Simonsen og Øyvind  
Lødøen

12/8 Siril Yri Oppheim. For.  
Dina Solrun Yri og Jan Rune  
Oppheim

#### Vigde:

21/7 Hege Simonsen og Øyvind  
Lødøen

#### Døde:

9/6 Olina Myrhauge f. 1911  
5/7 Ellen Øen f. 1925

### Nordsida:

#### Vigde:

4/8 Monica Beate Myklebust og  
Øystein Hesjedal

#### Døde:

8/7 Borgny Almenning f. 1914

### Randabygd

#### Vigde:

4/8 Monika Hammer og Benny  
Andree Sunde Fredheim

#### Døde:

11/6 Margit Aaland f. 1917  
7/8 Per Kjell Aaland f. 1945

### Oppstryn

#### Døpte:

1/7 Simon Sølvberg. For. Fride  
Marie Kvamme og Kenneth Sølv-  
berg

29/7 Rebecca Nygård Berstad.  
For. Jeanette Nygård og Espen Ber-  
stad

29/7 Alva Lovise Yttervik Skåre.  
For. Maren Berg Yttervik og Kri-  
stian Bjørkeli Skåre

26/8 Håvard Dale Jacobsen. For.  
Liv-Sissel Dale og Sindre Sørgård  
Jacobsen

#### Vigde:

30/6 Elin Merete Berge og Hans  
Petter Riise

29/7 Maren Berg Yttervik og Kri-  
stian Bjørkeli Skåre

11/8 Jill Merete Nygård og Hå-  
vard Norstrøm

#### Døde :

8/8 Else Marie Tunold f. 1941

### Nedstryne

#### Døpte:

10/6 Jakob Rosenblad Ljåstad.  
For. Helene Rosenblad og Knut  
Arild Ljåstad

24/6 Vigleik Fosseide Bjerkan.  
For. Trude Fosseide og Rasmus  
Bjerkan

24/6 Bjørn Anthony Treasure.  
For. Tonje Anette Bjerkan og An-  
THONY Treasure

22/7 Alexander Theodor Håøy.  
For. Berit Randi Alden-Håøy og  
Frode Håøy

22/7 Magnus Moe Gjørven. For.  
Kristin Moe og Helge Gjørven  
5/8 Markus Sæten Eide. For.  
Anette Sæten og Thor Morten Hau-  
glum Eide

19/8 Marita Aasebø Hjelle. For.  
Siv Merete Aasebø og Johnny Hjelle  
2/9 Birk Fure-Lilleheim. For. Siri  
Meret Fure og Mathias Lilleheim

#### Døde:

1/6 Per Arne Ytreeide f. 1954  
15/6 Randi Ommedal f. 1956  
29/6 John Asbjørn Vinsrygg f.  
1948

14/7 Åslaug Svarstad f. 1915  
28/7 Steinar Hauge f. 1917  
28/8 Rolf Vinsrygg f. 1938

### Loen

#### Døpte:

17/6 Martine Sæten Drage. For.  
Cecilie Sæten og Runar Drage

#### Vigde:

7/7 Jana Fornuskova og Mathias  
Inselseth

14/7 Janne Borgundvåg og Kai  
Arne Otneim





# Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje er du velkommen i nabokyrkja

**02. september; 14. s i treeiningstida /  
Vingardssundag - Luk, 17, 7-10**

*Loen 11:00 Presentasjon av konfirmandar. Takkoffer til Kristen Idrettskontakt*

*Innvik 11:00 Presentasjon av konfirmandar*

*Hornindal 11:00 Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet*

*Nedstryn 19:00 Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet*

**09. september; 15. s i treeiningstida - Luk 10, 38-42**

*Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved Sigurd Stige.*

*Takkoffer til Sogne og Fjordane sondagskulekrins*

*Utvik 11:00 Presentasjon av konfirmandar Soknemøte*

*Nordsida 15:00 Presentasjon av konfirmantar. Nattverd. Takkoffer til Holmely. Soknemøte*

**16. september; 16. s i treeiningstida - Matt 5, 10-12**

*Kvivstunnelen 12:00 Gudsteneste ved Kjell Roger Isene. Tema: Lys i tunnelen.*

*Fleire kor vil delta. Gudstenesta er ei samarbeid mellom Hornindal, Stryn, Ørsta og Volda.*

*Møt fram ved tunnelen kl. 11:00.  
Tunellvandring. Busstransport for dei*

**ST. PAUL MENIGHET**

*Katolsk gudsteneste i Loen*

**01. september-lørdag**

16.30 Skriftemål/Spowiedź  
17.00 Messe / Msza święta  
18.00 Katekese/ Katecheza

som treng det, alle andre går inn i tunnelen.

**23. september; 17. s i treeiningstida - Luk 7, 11-17**

*Nedstryn 11:00 Gudsteneste ved Harald Runde.*

*Takkoffer til KFUK - KFUM speidaraane i Sogn og fjordane*

*Randabygd 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok*

*Olden 16:00 Hausttakkefest*

**30. september; 18. s i treeiningstida - Matt 8, 5-13**

*Loen 11:00 Hausttakkefest. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet*

*Utvik 11:00 Hausttakkefest*

*Hornindal 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok. Soknemøte*

*Innvik 16:00 Hausttakkefest*

**07. oktober; 19. s i treeiningstida - Joh 7, 14-17**

*Nedstryn 11:00 Hausttakkefest. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet*

*Soknemøte*

*Nordsida 11:00 Hausttakkefest med utdeling av 4 årsbok*

*Oppstryn 16:00 Hausttakkefest. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Soknemøte*

**14. oktober; 20. s i treeiningstida - Mark 10, 2-9**

*Loen 11:00 Gudsteneste ved Harald*

**23. september-søndag**

14.30 Skriftemål/Spowiedź

15.00 Messe / Msza święta

16.00 Katekese/ Katecheza

**13. oktober-lørdag**

16.30 Skriftemål/Spowiedź

17.00 Messe / Msza święta

*Runde. Takkoffer til KFUK-KFUM Ljosheim 11:00 Hausttakkefest*

**21. oktober; 21. s i treeiningstida - Luk 16, 19-31**

*Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Bibelskapet*

*Olden 11:00 Gudsteneste ved Rolf Schanke Eikum Soknemøte*

*Randabygd 15:00 Gudsteneste ved Rolf Schanke Eikum*

**28. oktober; Bots- og bededag - Luk 18, 9-14**

*Oppstryn 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Norsk Lutherisk Misjons-samband*

*Utvik 11:00 Gudsteneste*

*Nordsida 11:00 Gudsteneste*

**04. november; Helgemesse - Matt 5, 13-16**

*Nedstryn 11:00 Gudsteneste*

*Olden 11:00 Gudsteneste ved Sigurd Stige*

*Hornindal 20:00 Lysmesse*

**11. november; 24. s i treeiningstida - Luk 12, 35-40**

*Loen 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens SOS*

*Innvik 11:00 Gudsteneste*

**NB! Soknemøta etter gudstenestene i den enkelte kyrkje omhandlar den nye gudstenestereforma**

18.00 Katekese/ Katecheza

**28. oktober-søndag**

14.30 Skriftemål/Spowiedź

15.00 Messe / Msza święta

16.00 Katekese/ Katecheza

**10.november-lørdag kl 1630**

## Takk til Statens Vegvesen

I skrivande stund er det august, og vi er mange som ser fram til dei to helgane som markerer opninga av Kvivsvegen. Det nye vegsambandet mellom Indre Nordfjord og Sunnmøre knyter saman ein landsdel der 60.000 menneske bur og arbeider. Det opnar for eit rikare samkvem mellom folk nord og sør for fylkesgrensa både når det gjeld arbeid, studium og handel. Det vil styrke fellesskap og samarbeid på mange område, bl. a. kulturelt og kyrkjeleg.

Vi vil nytte høvet til å takke Statens Vegvesen for eit vel gjennomført vegprosjekt mellom Hornindal og Austefjorden/Volda. Vakkert har det også blitt. Ikke minst vil vi frå kyrkja si side takke for den velvilje vi vart møtte med då forslaget kom om å la ei tunnellgudsteste markere starten av Open Dag søndag 16. september. Prosjektleiar Oddbjørn Pladsen og mannskapet hans har lagt alt til rette for ei grei praktisk gjennomføring av gudstesta der temaet er "Lys i tunnelen!"

I den kyrkjelege arbeidsgruppa har desse vore med: Kjetil Netland (leiar), Henny Koppen (dirigent for felleskora) og prestane Kjell-Arne Isene (Volda), Rolf Dyrhol (Ørsta) og Jon Ytrehorn.

Arbeidsgruppa og dei mange frivillige medverkande under tunnelgudstenesta rettar ei varm takk til Statens Vegvesen for samarbeidet og ynskjer alt godt for nye prosjekt framover.

J. Y.



## Flytting av prestekontoret i Innvik

I slutten av august så har Innvik sokneråd og underteikna drive på å flytte prestekontoret i Innvik, som fram til no har vore i bustaden til Geir Ståle og Anna Marie Skogli Vatnamo.

No vert prestekontoret flytta til Vikane Omsorgsenter og ligg lengst inne i same gangen som lege, tannlege, helsestasjonen og fotpleia. Telefonnr vert som før 57 87 41 23. Ein kan også nå presten på mobil 911 84 241. "Datasystemet" på prestekontoret, har ikkje fungert sidan stormen "Dagmar" herja. Etter kvart vil vi verte knyta opp mot det kommunale datanettet.

Kontoret vil vere ope på tysdag, torsdag og fredag, frå kl 09 - 14. Men dei dagane det er gravferd eller det er prestemøte, ferier og liknande, vil kontoret vere stengt. Det vil vere lurt å ringe på førehand om ein ønskjer å samtale med presten.

Harald Runde

© Hans Johan Sagrusten

## KAFFEKROKEN



Neste nummer får du i posten ca 5. desember. Redaktør vert Tore Bøe.  
Stoff kan sendast på e-post til: [post@kyrkjeklokka.no](mailto:post@kyrkjeklokka.no) innan 5. november.